



www.grontprodusentene.no

Fruktprognose

Det som i mai måned såg ut til å kunna bli eit kronår med rik bløming og godt ver, ser nå ut til å bli eit godt middels fruktår. For moreller ser avlinga ut til å bli god, medan det er meir svikt i plomme- og epleavlinga. Avlingsprognosen for plommer er rekordstor, men på grunn av at det er planta mykje dei siste åra er det totalt sett ikkje eit godt avlingsår. Det er til dels store skilnader i avlingsnivået geografisk, både regionalt og lokalt, og det er skilnader mellom sortar både når det gjeld plommer og eple. For pære er avlingsprognosen, som venta, låg. På nettstaden til GPS, www.grontprodusentene.no, finn du prognosen som er utarbeidd av fruktlagerinspektør Bjørn Eidhammer. Han reiser mykje rundt i fruktdistrikta i på sommaren og hausten. Bileta er frå besøk på Austlandet fyrste veka i juli.



Til venstre ser vi Trond Bergskås, ny morellprodusent med 10 dekar i Bø kommune, saman med Svein Børte, fruktlagerstyrar ved Telefrukt.



Knut Eilert Sørnes er epleprodusent i Lier.



Ragnar Swift, fruktprodusent i Lier, har planta Celina pære.

bjorne@grontprodusentene.no